



# Kommunal informasjon frå Meland kommune

Pb. 79 - 5906 Frekhaug Tlf. 56 17 10 00

E-post: [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) - [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

Foto: Roald Bertelsen

## KUNNGJERINGAR

### OPNINGSTIDER FOR MELAND KOMMUNE I PÅSKEVEKA:

Måndag 14.04. kl. 08.00 - 15.30  
Tysdag 15.04. kl. 08.00 - 15.30  
Onsdag 16.04. kl. 08.00 - 12.00

### MELAND BIBLIOTEK

**Bok- og strikkekafe** torsdag 25. april frå kl. 18.00 – 20.00, ta med garn og pinnar, biblioteket stiller med kaffe, te og litt bokprat. I samarbeid med Meland Helselag.

**Eventyrstund** tysdag 6. mai kl. 10.30 – 11.00

### Opningstider i påskeveka:

Meland bibliotek, hovudbiblioteket har ope måndag 14. og tysdag 15. april som vanleg, men stengt laurdag 19. april, vi opnar att tysdag 22. april.

Rosslund filial har stengt i skulen sin påskeferie.

### MELAND KULTURSKULE

#### Søknadsfrist Meland kulturskule 1. mai

Hjarteleg velkomen til Meland kulturskule! Kulturskulen har tilbod innan dans, teater, visuell kunst og ulike musikkinstrument til barn og unge i Meland.

Det er berre ventelister på nokre få av musikk-instrumenta - på dei andre tilboda pleier vi få plass til dei aller fleste som søker innan fristen.

Du finn informasjon om tilboda på

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) – **tenester – kultur – kulturskulen - Kulturskuletilbod 2014\_2015**

Her finn du og søknadsskjema. Ein plass i kulturskulen kostar kr. 3.000,- per år, det vert gitt søskenrabatt.

Du finn meir informasjon på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) Ta ev. kontakt på tlf. 56 17 10 64 eller på e-post: [kulturskulen@meland.kommune.no](mailto:kulturskulen@meland.kommune.no)

#### Re-registrering av alle elevar i Meland kulturskule – NYTT I 2014!

Innan 1. mai må alle kulturskuleelevar v/dei føresette logge seg på [speedadmin.dk](http://speedadmin.dk) for å sjekke kontaktinformasjon, oppdatere klassetrinn og svare på om dei ønskjer å halde fram i kulturskulen skuleåret 2014/15. Informasjon med bruksrett-leiing er sendt alle heimmar på e-post, men ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål.

### BESØKSVEN

Har du lyst å bli besøksven, eller har du lyst å ha ein besøksven?

Likar du å gå tur, lese høgt, besøke eller få besøk, eller være med på ein aktivitet saman med nokon.

Det er mange ting i kvardagen som er kjekt å gjere saman med andre.

Kontakt: e-post: [besokstjenesten@nhrk.no](mailto:besokstjenesten@nhrk.no)

Tlf.: 56 17 10 66 (Frivilligsentralen)



### DATAKLUBB FOR PENSJONISTAR!

Klubben tek påskeferie og startar opp igjen måndag 28. april.

Stad: Eldresenteret på Frekhaug

Tid: måndagar frå kl. 12 – 14.

Vel møtt til dataklubb!

Arrangør: Meland Helselag, Meland Frivilligsentral

### SYMJEKURS

Symjekurset i Radøyhallen har ein gong igjen etter påske.

Søndag 27. april kl. 14.00-16.00

Arrangør: Nordhordland Padleklubb, Meland Frivilligsentral

[www.meland.frivilligsentral.no](http://www.meland.frivilligsentral.no)

### NAV MELAND INFORMERER:

NAV Meland held stengt kvar tysdag.

På grunn av kurs vil NAV Meland halde stengt onsdag 21. mai, heile dagen.

#### Opningstider i påskeveka:

Måndag 14.04. kl. 10.00 – 14.30

Tysdag 15.04. Stengt

Onsdag 16.04. kl. 10.00 – 11.30

På grunn av stor saksmengde er det for tida 2 vekers sakshandsamingstid for sosialstønad. Dette gjeld ikkje ved søknad om akutthjelp.

### PLAN, UTBYGGING OG KOMMUNALTEKNIKK

#### Planmelding 02/2014

#### Offentleg ettersyn av reguleringsplan

Utval for drift og utvikling har godkjend følgjande framlegg til plan for offentlig ettersyn, jf plan- og bygningslova § 12-10:

#### Hjertås Industriområde (sør) – planID 1256 2012 0002, arkivID 12/1001 og 14/933

Framlegget til plan skildrar og legg til rette for etablering avkjørsle til hovudveg og samordning

med GS-veg, næringsområde for mellom anna kontor, lager industri og verkstad samt djupvasskai og naudsynt tilhørende hamneområde.

#### Merknad og innspel til plan

Framlegg til plan er utlagt til offentlig ettersyn i **perioden frå 09.04 til og med 23.05.2014.**

Ein finn framlegg til plan lagt ut i resepsjonen på rådhuset eller i digitalt planarkiv. Offentlege partar, organisasjonar og grunneigarar som er berørt vert varsla særskilt.

Skriftlege merknader sendast til Meland kommune, Kommunalavdeling for Plan, utbygging og kommunal teknikk, Pb. 79, 5906 Frekhaug eller [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

#### Tilgjengeleg planarkiv

Framlegg til plan er og tilgjengeleg i digitalt planarkiv. Ein finn link til BRAPLAN på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

Velg Meland kommune under eigar og nytt planID, arkivID eller plannamn til søk.

## LEDIGE STILLINGAR

Meland kommune har tatt i bruk elektronisk søknadsskjema på ledige stillingar. Det er kun mogleg å søkje gjennom vårt elektroniske søknadsprogram. Dette gjeld både for eksterne og interne søkerar. Nærare informasjon finn du på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) under ledige stillingar.

#### Har du lyst på spennande oppgåver i ein kommune i vekst

#### Meland kommune treng:

#### ADMINISTRASJON

Lønskonsulent – 100% fast stilling

**Søknadsfrist: 13.04.14**

#### MELAND SJUKEHEIM

Avdelingsleiar langtid og Lerketunet – 100% fast stilling

Sjukepleiar/vernepleiar – 75% fast stilling

Sjukepleiar, natt-tenesta - 50,17% fast stilling

Sjukepleiar – 71% vikariat

Helsefagarbeidar – 50% vikariat

Helsefagarbeidar, natt-tenesta – 56,8% vikariat

Kjøkkenassistent – 13,85% fast stilling, helg

**Søknadsfrist 27.04.14**

#### Sjå fullstendig utlysingstekst på kommunen sine nettsider:

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

## OPNE MØTE april/mai 2014

	Dato	Kl.	Møtestad
Kommunestyret	Onsdag 09.04	17.00	Kantina
Formannskapet	Onsdag 30.04	16.00	Formannskapssalen
Utval for drift og utvikling	Tysdag 06.05	16.00	Formannskapssalen
Kommunestyret	Onsdag 14.05	17.00	Kantina

Møte i folkevalde organ er som hovudregel offentlig etter Kommuneleova. Alle som ønskjer det kan vera til stades, og det er høve til å referere frå møta. Sakspapir er tilgjengelege på kommunen sine nettside [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)